

Lars Sætre
Birkebeinergaten 1
5003 Bergen

Unntatt offentlighet
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

Vår ref.
22/6056 - 56

Dato
30.06.2022

Sakkunnig ankenemnd: Svar- Klage på takst eigedomsskatt gnr. 351 bnr. 1 fnr. 6

Syner til klage vedrørende eigedomsskatt på eigedom 351/1/6/0. Klagen vart handsama av sakkunnig nemnd i Voss herad den 22.06.21.

Klagen fekk delvis medhald og vart difor oversendt til sakkunnig ankenemnd som handsama saka i møte 15.06.22.

Grunnlaget for taksten er fritidsbygg med bygningsnummer 9722114, samt tomt på 1 000 m². Indre faktor er vurdert til 0,65, og det er tatt omsyn til manglande vatn og avlaup. Ytre faktor var vurdert til 0,95, med reduksjon for avstand til bilveg. Etter klagehandsaming i sakkunnig nemnd vart ytre faktor endra frå 0,95 til 0,85, grunna dei eksisterande 132 kV-linene som ligg tett opptil eigedomen. Taksten for 2021 tek ikkje omsyn til mogleg framtidig veg- og kraftlineutbygging, men eigar kan krevje omtaksering av eigedomen etter at slik utbygging har skjedd.

Kjellararealet er kontrollmålt på teikningar i heradet sitt byggesaksarkiv, og er ikkje endra. Etasjefaktor på 0,2 tar omsyn til at areal i kjellarar ikkje er i bruk som buareal.

Vedtak: Sakkunnig ankenemnd har gjennomgått klagen på takst, og støtter vurderingane som sakkunnig nemnd har gjort. Sakkunnig ankenemnd opprettheld taksten på kr 839 000.

For ordens skuld vert det gjort merksam på at vedtaket er endeleg, og berre kan overprøvast av domstolane. Dette følgjer av Skattebetalingslova § 48, nr 5, 6 og 7, jfr. § 23 i eigedomsskattelova.

Spørsmål vedrørende vedtaket kan rettast til Voss herad på telefon 56 51 94 00.

Med venleg helsing

Rolf Abrahamsen

Leiar for sakkunnig ankenemnd

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur